

# KRONIKK & DEBATT

## KRONIKK:

E-post:  
kronikk@klassekampen.no  
Maks 6000 teikn inkludert mellomrom. Legg ved portrettfoto.

## DEBATT:

E-post:  
debatt@klassekampen.no  
Innlegg over 3000 teikn kan bli korta ned. Legg ved portrettfoto.



**Velaug H. Sælid**  
velaugh@klassekampen.no  
Kronikk- og debattredaktør (fung.)



**Even Øvald**  
eveno@klassekampen.no  
Redaksjonssekretær

**Ellen Krystad**  
ellenk@klassekampen.no  
Redaksjonssekretær

Kronikk- og debattredaktør Tollef Mjaugedal (perm.)

Klassekampen honorerer normalt ikkje innsendt stoff. Innsendaren si e-postadresse blir trykt med mindre innsendaren reserverer seg mot dette. For Klassekampen sine generelle vilkår for publisering, sjå [www.klassekampen.no/KK/index.php/news/home/generelle\\_vilkaar](http://www.klassekampen.no/KK/index.php/news/home/generelle_vilkaar)

**DEBATT**

Prisen «Wergelands åre» går i år til poet og gjendiktar Hanne Bramness for hennar innsats for poesien.

# Vis fram poesien!



Eirik Ingebrigtsen  
**KRONIKK**

**17. juni, på Henrik Wergelands 204-årsdag**, deler Norsk Forfatter-sentrum ut poesiformidlingsprisen «Wergelands åre» til poet, gjendiktar og redaktør Hanne Bramness, for hennar utrøttlege kvalitetsarbeid med eigen og omsett poesi.

«Ho skapar vakre diktlinjer som kan fylle oss», skreiv Helge Torvund om Bramness i Dagbladets omtale av «Salt på øyet» (2006). Poesi er meir enn høgtid, meir enn fødsel og død, kjole og kvitt, stein og tre. Poesien blir skriven i stort alvor med tanke på å nå ut, fylla og utvida ein flik i det lesande og tenkande mennesket.

Vi vil vifta med Wergelands gamle roåre og krevja at alle aktørar som befattar seg med litteratur, tar poesien inn over seg og viser han stolt fram! Poesien som kjem ut – for det gjer han – må i større grad vera synleg i bokhandelen og ikkje bli plassert på ei smal hylle innarst, bak lavkarbobokstablane til venstre for rullane med julegåvepapi.

**Når ei bok blir vist fram**, løfta opp, peikt på, lest av andre – skjer det ei naturleg spreiding. Folk er nysgjerrige og lesande, vi er eit rikt land som ikkje har råd til å mista ein promille av vår sårbare åndskraft. Dessutan er vi glade i det korte formatet, via analog cellulose eller digitale kvitter.

Men det kan vera tilfeldig korleis vi kjem over ein tekst: ei lenke frå ein kamerat, ei annonse, ei bok funnen i eit bussete eller vist fram i ein bokhandel.

Bokhandlarane på golvet må bli tatt med på råd og bli oppfordra til å lesa breitt, dei må få lov til å stilla ut personlege leseopplevingar, dei må få gjenbestilla ei bok og ti, dei må ikkje berre bli styrt frå hovudkjedekontoret inn mot planlagde kampanjar og stablar, planlagd lesing, planlagd maksing av enkelttitlar.

Overrask oss, herr Ark! Still ut



og rufs opp i greiene, fru Tanum! Våg å fylla opp lageret, kjære Norli! Kva diktbok gir du oss til stranda, gode Libris? Tomas Tranströmer, i det minste?

**Gje oss ein stabel** av Terje Dragseths siste, og eit tårn av Karin Hauganes fjorårs rett ved kaffimaskina (ikkje ver redd for det fjorårske!). Og fyll opp fire krakkar med Norwegian-Bjørn Kjos sin poetyndling, Kristin Berget:

«Jeg synes diktene hennes utforsker det mest kompliserte i det å være menneske, mellomrommet mellom det handlende subjektet og det fastlåste objektet», som han har sagt til Finansavisen.

Opp med kaffikoppen dei som såg Ark gratulasjonsannonsera Torkil Damhaug i avisene for

## «Kva skal vi med roårer når påhengsen sviv så fort»

Rivertonprisen (beste krim 2011) rett før påske! Opp med marmeladetoasten dei som såg Ark gratulera Tarjei Vesaas' debutantprisivinnar Lina Undrum Mariussen i avisene etter påske!

Det er ein overivrig og angst-ridd kjedelogikk som bestemmer kva bøker vi finn i hyllene, og plasseringa av desse, ikkje litteraturen i seg sjølv. Det frå før

lettselde i ein bokhandel, får størsteparten av merkemda. Dei smale sjangrane får si smale hylle, om boka i det heile er å finna. Og forlaga må alltid våga å be butikkane ta inn ei våg av Vaage!

Og det er ikkje alltid betre med prosaen: Mange bokhandlarar slo blikket vekk i dagane etter at Nordisk Råds litteraturpris gjekk til vår eigen Merethe Lindstrøm; kven var ho, og var boka på lager? Her har forlaga igjen eit stort ansvar: Kan vår breie stabel av bøker nå ut på ein betre måte, er beredskapen klar?

**Kanskje er vi i ferd** med å mista grepet om teksten – er det for vanskeleg, litterært og sosialt, å lesa ein skjønnlitterær tekst? Kva skal vi med roårer når påhengsen sviv så fort!

Forbrukarane har stor makt (bonde, ein skal ikkje ta gjennomsnittskneippen vekk frå dei to mennene som slåss om det siste brødet på Kongsberg!) og prisen på kneipp og romanar skal ned, ned, ned – utan samanlikning elles.

Etter 1. mai kvart år regulerer fastprisavtalen prisane på fjorårslitteratur. Då er ikkje desse

## POETENS ÅRE:

Det kjem ut mykje poesi i Norge, men han synast mest ikkje. Vi vil vifta med Wergelands gamle roåre og krevja at alle aktørar som befattar seg med litteratur tar poesien inn over seg og viser han stolt fram, skriv Eirik Ingebrigtsen.

ILLUSTRASJONSFOTO: ANDRIJ BULBA, FLICKR

nye verka nye lenger, og bokhandelen kan konkurrera på det dei openbert trur dei er best på: ENDELIG er bøkene på tilbod, annonserer dei. Dei har knapt trua på egne varer.

Vi ønskjer å gje dei sjølvtilitt, visa dei mangfaldet – også at dei skal konkurrera om å vera best på mangfald, men dei må koma oss, litteraturarbeidaren eller lesaren, i møte. Dette ville vera å ta sitt litteraturpolitiske ansvar på beinhardt alvor.

**Norsk Forfattersentrum**, medlemsorganisasjon og formidlings-sentral for 1170 forfattarar, støttar ei ny norsk boklov. Vi har råd til å ha ein fullassortert bokhandel. Kunden har råd til boka om kunden vil og faktisk finn vara i bokhandelen.

På lang sikt vil åndskrafta som ligg der i kvar einaste lesande bokkunde, og som blir verande i han, slå ut i meir demokrati, meir openheit, meir humanitet. La oss ikkje vera redd for desse orda, folkens: Åndskraft! Kunnskap! Mangfald! Og sakte tekst! Og på lang sikt! For ikkje å gløyma: Kjærleik!

Hanne Bramness har ved sida av sine egne diktsamlingar for vaksne og barn, arbeidd fram den heilt unike serien med internasjonale, kvinnelege poetar frå det 20. hundreåret, «Stemmens kontinent», utgitt på Cappelen Damm.

I seinare år har ho etablert Nordsjøforlaget, med vekt på gjendiktingar av samtidspoesi frå landa rundt Nordsjøen, nettopp for å oppretthalda ein alternativ offentlegheit der poetane sine stemmer kjem fram.

Som Bramness sjølv skriv i diktet «Bevart», frå «Salt på øyet»:

*Tok alle brevene vi fant og la på glass  
med kokende sjøvann  
Saltet forsegleglet skriften men  
gjorde den mindre tydelig*

**Gratulerer med Wergelands Åre 2012.** Måtte bokhandlarane dekkja bordet med eldgamle Bramness-titlar frå 2006, 2010 og 2011!

**Eirik Ingebrigtsen**,  
på vegner av Norsk Forfattersentrum  
eirik@forfattersentrum.no

Wergelands åre blir delt ut i hagen på Grotten søndag 17. juni kl 13, Wergelandsveien 2. Alle er velkomne.